

# Polkabjørn og krigsminne

**RADØY:** Årets utvandringfestival på Sletta byr på eit variert program – seminar, utstilling og eit par verdsternderande jodlarar.

ARTHUR KLEIVELAND  
arthur@nordhordland.no

Fredag er det nemlig duka for stortilstilt opning av festivalen med jodlekonsert i Emigrantkyrkja. Jodlarane Kerry Christensen (US) og Polkabjørn (NO) underheld publikum med sine imponerande songteknikkar. Trass i eit noko spesielt val av songstil, har både Kerry Christensen og Polkabjørn ein stor fanskare.

Kerry Christensen frå USA fann sin framtidige karriereveg då han i 1976 oppdaga jodling på ei reise i Østerrike. I mange år jobba han som jodlar i Disney World i Florida, før han starta for seg sjølv. I dag kallar han seg «alpine and western yodeling master», og er fulltidsjodlar.

## Jodla for kongen

Bergensbaserte Polkabjørn har dei siste åra gitt jodling ein renessanse i Norge. I bandet Polkabjørn & Kleine Heine har han jodla i både inn- og utland og varma opp for A-ha sin avskilsturné. Nyleg var han å sjå i dokumentarfilmen «Kunsten å jodle» på NRK, og han har til og med jodla for kongen.

– Dette blir ein heilt spesiell kon-

## Stor spennvidde på Utvandringfestivalen

sert, og eg trur det blir ei fantastisk stemning i Emigrantkyrkja. Her bør folk sikra seg billetter snarast, seier Ida Dyrkorn Heierland, leiar ved Vestnorsk utvandringssenter.

## «Titanic» og Bataljon 99

Festival fortset lørdag og søndag, med eit spennande program. Lørdag blir det fagseminar med mange interessante foredrag, mellom anna vil Per Kristian Sebak fortelja og samanlikna dei to skipsforlisa «Titanic» (1912) og D/S «Norge» (1904). Sistnemnte er det forliset som har kravd flest norske liv i nyare historie.

Lørdag er det òg nyopning av ei utstilling om Bataljon 99. «Minne frå ein krig» viser gjenstandar og forteljingar frå Bataljon 99, som var ein amerikansk bataljon med norsk kommandospråk under andre verdenskrig. Utstillinga er i stor grad bygd på krigsveteran John Pettersen sine minne.

## For heile familien

Det vil vera aktivitetar i Emigranthusa for heile familien, og demonstrasjon av militære køyretøy. Dei øvrige utstillingane på Sletta vil som vanleg vera opne, mellom anna den nyleg opna utstillinga «Folket som vandrer – de ingen vil ha» om romfolket.





Jodlarane Kerry Christensen (bildet) frå USA og norske Polkabjørn underheld publikum med sine imponerande songteknikkar. Fredag opnar dei Utvandringfestivalen på Sletta, med konsert i Emigrantkyrkja.

# 2 for 1

Fra

# 795,-

## Kjøp 2, betal for 1



**KomplettPris >**  
**2 par enstyrkebriller**  
**fra 795,-**

Mer enn 1000 innfatninger å velge mellom

**GarantertFornøyd >** vårt løfte til deg

**ISDALSTØ**  
Kvassnesv 11  
56 35 14 66

Skulle ha gått til

**Specsavers**

Optikk

Gjelder ved kjøp av innfatninger fra 795,-. PENTAX enstyrkeglass er inkludert (1,5 indeks). Progressive standardglass koster 700,- (1,5 indeks). Ved valg av andre glass eller overflatebehandlinger, tilkommer ekstra kostnader iht vår ordinære prisliste for begge brillene. Synsundersøkelse kommer i tillegg. Tilbudet kan ikke kombineres med andre tilbud. ©2012 Specsavers Optical Group. All rights reserved.